

leiar

Eit sterkt Midt-Telemark

Debatten om kommunesamanslåing går over heile landet – i større eller mindre grad. I Telemark skyndar fylkeskommunen på ettersom den har fått i oppdrag frå regjeringa å setje i gang prosessar som i hovudsak skal føre til kommunesamanslåingar. Dette har mellom anna ført til ein konferanse nyleg, der forslag til nytt kommunekart over fylket vårt blei lagt fram. Ifølgje forslaget skal 18 kommunar bli til fire. Ein av desse kommunane er Midt- Telemark - Sauherad, Nome og Bø - stort sett slik som regionen er i dag.

Forslaget er kanskje ikkje så dumt for oss i midt fylket. Mykje av grunnmuren for samanslåing av våre kommunar er allereie lagt i eit godt interkommunalt samarbeid. Kommunane er heller ikkje så ulike kvarandre i struktur, og avstandane er svært overkommelege om ein samanliknar med andre område. Mange av krava som regjeringa har sett til samanslåing vil dessutan vere greie å oppfylle i ein slik kommune. Det vil rett og slett vere minst komplisert å gå i denne retninga, sjølv om der også finst andre brukbare, om enn ikkje optimale løysingar for samanslåing. Ein kommune Lifjell rundt er allereie under utgreiing, sjølv om mange rår frå dette, både ekspertar og politikarar. Utgreiinga skal vere klar til jul, og enkelte politikarar i dei aktuelle kommunane har signalisert at ein da kan vere opne for andre alternativ, alt etter kva slags informasjon ein får fram i denne utgreiinga.

Skulle ein gå for Midt-Telemark, den kanskje lettaste vegen, er det likevel skjær i sjøen. Det vil heilt sikkert bli konkurranse om alternative sentrum mellom alle dei tre kommunane. Særleg folk på Ulefoss vil truleg ha store vanskar med å svelge at eit kommunesentrum hamnar i Bø, det største regionsentret i dag, med stor vekst både innanfor handel, tilflytting og skulemiljø. Bøheringane vil heilt klart ha den same utfordringa i forhold til Ulefoss som sentrum, og ein skal ikkje sjå bort ifrå at sauheringane ikkje er altfor lette å be med – det ser ein på kommunestrukturen dei har i dag, med fleire småsentrum som småkranglar seg imellom.

Utfordringane ligg der, men om ein i denne prosessen klarar å tenkje nytt om samarbeid og det som vil gagne innbyggjarane, samt leggje gammal strid bak seg og sjå framover, kan dette bli ein sterk og fin kommune. Men først må det avklarast tydeleg kvar dei enkelte kommunane vil – hit, dit eller ingen stader. Her har nok Nome den største utfordringa.

«Mykje av grunnmuren for samanslåing av våre kommunar er allereie lagt i eit godt interkommunalt samarbeid.»



Prutingsmon. Loppedamene på Heia lokkar med mange fine ting, dette er berre starten. Og så er det prutingsmon. F.v. Signe Jacobsen, Ingunn Høibø og Heidi Brennekåsa.

Lokkar med

Det er klart for loppe-marknad på Vatnar igjen, den åttande i rekka. – Nå har me snart eige hus, så nå må me i alle fall arrangere loppe-marknad, smiler Signe Jacobsen.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Ho er ein av fleire loppegenera-

lar i Heia grendelag. Loppemarknaden deira har vakse år for år.

– Me starta fordi me hadde lyst, me ville prøve noko nytt for å få pengar til grendehuset, held Jacobsen fram.

Pengar til aktivitetar

Jacobsen har med seg Ingunn Høibø og Heidi Brennekåsa. Det er enno ei stund til loppelhelga, men dei er i full gang

med å bere inn og sortere lopper på Vatnar grendehus. Grendehuset har elles grendelaget bestemt seg for å ta over frå kommunen. Laget har drive det i fleire år, men no står det snart som eigar og treng pengar til blant anna vedlikehald.

– Har me pengar, kan me drive med aktivitetar. Det kjem godt med med eige hus, påpeikar Jacobsen.

Å skaffe pengar har dei klart.

Bøblad

27. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2013: 2501
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

Adresse:
Postboks 104, 3833 Bø i Telemark
Besøksadresse: Bøgata 69
Tlf. 35 95 19 45
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

www.boblad.no
pdf versjon: buyandread.com



Redaktør/dagleg leiar:
Hilde Eika Nesje
947 89 450
redaksjon@boblad.no



Journalist:
Øystein Akselberg
906 38 453
oystein@boblad.no



Journalist:
Marta Kjøllesdal
976 88 692
marta@boblad.no



Marknadsansvarleg:
Anders Strand Moripen
950 85 949
marked@boblad.no



Grafikar/annonse:
Dag Einar Hvitsand
911 52 320
grafisk@boblad.no



Avismedarbeidar:
Synnøve Sudbø Kleppe
35 95 19 45
annonse@boblad.no



Frilansarar:
Karen Anne Grindem
Glenn Isaksen
Jon Bjones
Eline Junliang Vestgarden
Eline Nesje

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonsar utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til

vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt.
Bø blad forbehold seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

Abonnementprisar:

Halvår kr 490,- heilår kr 820,-
Studentab. kr 490,-
Tillegg utlandet.
Bestill på sms: 406 24 528
eller epost: abonnement@boblad.no

Annonsefrist:

Måndag kl. 14
Større annonsar:
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.
Utgjeve av Bø blad AS

Org nr.: 842 831 032
Bankgiro: 2630 05 04360
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

PFU

Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.
Adresse: Rådhusgata 17,
Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo.
E-post: pfu@presse.no
Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55